

**Oppvekst og utdanning i HAFS
(Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger)**

23. januar 2015

Det Kongelege Kunnskapsdepartement,
Oslo

Gjeld framlegg til endringar i barnehagelova.

Oppvekst og utdanning i HAFS er eit regionalt samarbeid mellom seks kommunar i Sogn og Fjordane (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger). Dei barnehage-og skuleansvarlege i kommunane har jamnlege møte der aktuelle saker vert drøfta, mellom anna framlegg om endringar i lovverk og andre rammer for verksemda i skule og barnehage.

På møte den 23. januar i år drøfta regionen høyringsnotatet om endringar i barnehagelova.

Statleg tilsyn direkte med barnehagane

Vi har ikkje særskilte merknader til at Fylkesmannsombudet i framtida kan ha direkte tilsyn med einskildbarnehagar i særskilte høve. Det kan vere viktig for legitimitet og tiltru til at det er eit tilstrekkeleg tilsyn med barnehagane.

Tilsyn med kommunens bruk av økonomiske reaksjonsmidlar

Vi meiner at dette er sikra gjennom høve til å klage på vedtak. Ei generell tilsynsordning medverkar til meir byråkratisk arbeid som ikkje utan vidare sikrar rettane til dei ikkje-kommunale barnehagane. Vidare meiner vi at heile regelverket kring tildeling av midlar til ikkje-kommunale barnehagar burde forenklast og ikkje kreve så mykje arbeid som i dag.

Arbeid med dokumentasjon og vurdering

Vi er redde for at fylgjene av endringane vil auke kravet til dokumentasjon og vurdering og gje meirarbeid. Framfor auka krav til dokumentasjon må ressursane gå til tilrettelegging som sikrar at barnehagen har god kvalitet.

Vi er samde med FUB (Foreldreutvalet for barnehage) som i si fråsegn peikar at det berre er barnehagen sitt arbeid med borna som skal dokumentarast og ikkje kva barna har lært eller deira framgang. Vi er også engstelege for at kan bli samanlikningar utifrå ein generell mal som ikkje fangar opp dei ulikskapar som er naturlege hjå born.

Vi har merka oss at mange meiner at endringane vil opne for omfattande, generelle kartleggingar i barnehagen, også utan at foreldra treng å vere informerte og gje samtykke. Vi vil åtvare mot ei utvikling der barnehagane utviklar seg til å verte meir og meir skule, med omfattande, generelle kartleggingar og fokus på kortsiktige, snevre og kvantitative resultat.

Med helsing

Oppvekst og utdanning i HAFS

Åsmund Berthelsen *Åsmund Berthelsen*
(utviklingsrettleiar)

E-post: asmund.berthelsen@fjaler.kommune.no

Mobil: 93237073